



Eventyrleg i Modalen

Finanskrisa på island førte ekteparet
Gudbjørg Villhjalmsdottir og Egill Kristjánsson til Modalen.
Med seg i bagasjen til Mobryggen Restaurant hadde dei meg seg
ein container med kunst. SIDE 2 og 3

tett på

Nyretsleder kultur
Jan H. Landro
 vak: tlf. 55 21 46 97 – epost: tetttaa@bt.no



PUR PERFEKSJON: – Det er så vakkert her, som eit eventyr, seier Agla Margrét Egillsdóttir.



VELKOMEN:
 Innanfor dørene
 til Mobryggen
 Restaurant er
 det denne dama
 som tar imot
 gjestene.

KUNSTEN Å VINNE

Finanskrisa blei slutten på fleire års hotelldrift på Island for Gudbjørg Vilhjalmsdóttir og Egill Kristjánsson. No har dei begynt på nytt – i Modalen.

**BENEDIKTE GROV
 ROAR CHRISTIANSEN (foto)**
 benedikte.grov@bt.no

Det kvitmåla bygget kviler mellom snødekte fjell inst i Mofjorden. Innanfor dørene til Mobryggen Restaurant er det ei lite fager kvinne med lang nase og hestehår som ønskjer velkomen. Ho er ikkje den einaste nye dama i dalen.

– Kunstnaren ville setje henne i eit

blomsterbed, men vi synest ho passa her, smiler Gudbjørg Vilhjalmsdóttir.

Ved eit vegskilje

I baren heng det ei skjelpadde. Egill Kristjánsson brettar ut ei brosjyre på disken. Eit spor av hotellverksemda paret dreiv på Island dei siste sju åra, like ved Grimsá, ei av dei beste lakselvene på Island. Han som chef, Vilhjalmsdóttir som dekoratør, vertinne og altnoglegkvinne.

30 års erfaring i bransjen var til lita hjelp. Då finanskrisa feia inn over sagaøya, blei heller ikkje deira verksemd spart.

– Før var det alltid fullt i restauranten, men etter kvart hadde vi rundt 30 prosent av normal ordre, fortel Kristjánsson.

100 mil lenger aust hadde lokala

til Modalen Sjø og Fritid lenge stått tome. I mars lyste Modalen kommune på ny etter leigetakarar. Gudbjørg Vilhjalmsdóttir og Egill Kristjánsson stod ved eit vegskilje.

– Vi hadde lyst til utlandet, så då vi såg annonsen for denne staden, tenkte vi: Kvifor ikkje? smiler Vilhjalmsdóttir.

Ein månad seinare var paret blitt modøler.


Islandsk preg

Paret viser rundt i nymåla, lyse lokale. Kommunen har hjulpet til med å setje huset i stand. Under eit stort måleri ved inngongen står ei blomkekorg, ei velkomsthelsing.

– Dei vil gjere alt for oss, og har vore så hyggelege, seier paret om Modølene.



BTs leserombud **Terje Angelshaug** tar imot ros og iri fra leserne, tlf. 55 21 46 83 – leserombud@bt.no



VED FJORDEN: Modalen Sjø og Fritid ligg i enden av Mofjorden. 20 små og store leiligheter kan huse opp mot 80 gjester.



NY START: Gudbjörg Vilhjalmsdóttir og Egill Kristjánsson har funne seg vel til rette i Modalen.



SMAKFULLT: Egill Kristjánsson jobba fem år i den beste fiskerestauranten i Reykjavík.

OVER KRISA

Den islandske naturen klamrar seg til veggene. På reisa over havet hadde paret med ein container lasta med si private kunstsamling. Over to etasjar pregar skarpe kontrastar, sterke farger og dramattikk dei fleste ledige flater.

– Vi har samla på kunst sidan vi var i tjuåra, og kjøpt litt kvart år, fortel Kristjánsson entusiastisk.

Femdobla arbeidsløye

Når samtalen svingar over på finanskrisa, forsvinn smila ei lita stund.

– Alt var fælt, seier Vilhjalmsdóttir oppgitt.

Sidan september er arbeidsløysa femdobla på Island. Vilhjalmsdóttir seier at fleire islendingar har valt å gjere som dei, å reise vekk i dei van-

skelege tidene. Mange reiser til Danmark og Norge, nokre og til Canada, fortel ho.

Sjolvv håpar paret at Modalen Sjø og Fritid kan drivast på heilårsbasis, og vere eit tilbod for både turistar og lokalbefolkning.

Torunn Eikemo står ved baren og prøver å få betalt for ein kaffikopp.

– Det er blitt så lyst og triveleg her, eg håpar at det går, seier ho til Vilhjalmsdóttir.

Fullbooka

Det islandske gjestfridomen viser seg vanskeleg å takke nei til Rause tallerkar med fiskesuppe blir borte inn frå

kjøkenet. Perler av klår, oransje fiske-rogn triller ned i suppa. Vilhjalmsdóttir hastar til og frå kjøkenet.

Når ein startar ein ny business må ein gi det tid, minst fem år

GUDBJØRG VILHJALMSDÓTTIR

– Vil de ha brød? spør Agla Margrét Egillsdóttir. Ho er på besøk frå Island for å arbeide for foreldra ein månads tid.

– Det er så vakkert her, som eit eventyr, seier ho begeistra.

Når juststudiet vert avslutta til sommaren, tenkjer Eigilsdóttir på å flytte til Bergen. Sjolvv held foreldra moglegheitene opne.

– Når ein startar ein ny business må ein gi det tid, minst fem år. Vi er opne for alt, seier Vilhjalmsdóttir. Paret har fått ein god start i så måte. Sommar-månadene er fullbooka allereie.

VEGRAPPORT



EV 16 INDRÉ ARNA - TRENGEREID, (Arnanipatunnelen - Takvamtunnelen)

Stengt på grunn av vedlikeholdsarbeid. Omkjøring er skiltet, utrykningskjøretøy kan

passere. Gjelder fra 28.05.2009 klokken 22:00 til 29.05.2009 klokken 05:30.

EV 16 VÅGSBOTN - INDRÉ ARNA, (Bjørkhaugtunnelen - Særetunnelen)

Stengt på grunn av vedlikeholdsarbeid i periodene: Mandag og tirsdag fra 22:00 til 05:30 (neste dag). Manuell dirigering.

EV 16 DALE - TRENGEREID (Beitla tunnel)

Stengt på grunn av vedlikeholdsarbeid i periodene: Onsdag og torsdag fra 22:00 til 23:59. Gjelder fra 27.05.2009 til 28.05.2009.

Kan og bli stengt i perioder på inntil 30 minutter i periodene: Onsdag og torsdag fra 21:00 til 22:00. Torsdag og fredag fra 00:01 til 02:00.

EV 16 VINJE - HÅBAKKEN, VED NERØYDALEN

Kan bli stengt i perioder på inntil 30 minutter rute-gående trafikk kan passere på grunn av vegarbeid i periodene: Mandag til torsdag fra 08:00 til 18:00. Gjelder fra 18.05.2009 til 18.06.2009.

EV 39 KNARVIK - ROMARHEIM (Eikefet tunnel)

Stengt i perioder på inntil 1 time på grunn av vedlikeholdsarbeid i periodene: Mandag til torsdag fra 22:00 til 05:30 (neste dag). Gjelder fra 11.05.2009 til 19.06.2009.

Tunnel åpen hver hele klokke.

EV 134 ETNE - JØSENDAL (Åkrafjord tunnel)

Manuell dirigering på grunn av vedlikeholdsarbeid i periodene: Mandag og søndag fra 21:00 til 06:00 (neste dag). Gjelder fra 24.05.2009 til 26.05.2009. Gjelder fra 24.05.09 klokken 21:00

EV 134 HAUKELIFJELL, VED AUSTMANNLITUNNELN

Hordaland - Redusert framkommelighet Redusert framkommelighet på grunn av vedlikeholdsarbeid i periodene: Mandag til torsdag fra 20:00 til 05:30 (neste dag).

RV 13 BU - BRIMNES

Stengt på grunn av vegarbeid i periodene: Mandag til onsdag fra 19:00 til 21:00. Gjelder fra 29.04.2009 til 17.06.2009.

RV 13 ODDA - KINSARVIK (Tyssedal tunnel)

Manuell dirigering på grunn av vegarbeid i periodene: Mandag til torsdag og søndag fra 22:30 til 06:30 (neste dag).

Vent på følgebil.

RV 13 BU - BRIMNES

Kan bli stengt i perioder på inntil 1 time på grunn av vegarbeid i periodene: Mandag til torsdag fra 09:00 til 14:30. Mandag til onsdag fra 17:30 til 19:00. Torsdag fra 17:30 til 21:00. Gjelder fra 29.04.2009 til 31.12.2009.

Åpen for gjennomkjøring hver hele time. Utenom disse tidene kan vegen bli stengt i perioder på inntil 30 minutter.

KOR I ALL BERGEN



Han her vet du vel kor høyrer heme?

FOTO: ANNE-GRETHE DAHL



I GÅR: nedre Ole Bulls plass, mot Torgallmenningen